

 HELSE BERGEN Haukeland universitetssjukehus	<h2>Gonoré</h2>
Kategori: Pasientbehandling/Fagprosedyrer/Annet/Annet 3	Gyldig fra/til: 04.10.2022/04.10.2024
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Hudavdelingen	Versjon: 3.00
Godkjenner: Alf Henrik Andreassen	Informasjon
Dok. ansvarlig: Turid Thune	Dok.id: D45064

Kva er gonoré?

Gonoré er ein seksuelt overført infeksjon som skuldast bakterien *Neisseria Gonorrhoeae*. Bakterien kan gje infeksjon i urinrøret på menn, i urinrøret og/eller livmorhalsen hos kvinner. Bakterien kan også gje infeksjon i hals og anus.

Korleis smittar gonoré?

Gonoré smittar ved seksuell kontakt, ved vaginalt samleie, ved oral- og analsex. Bakterien kan også smitte via dildo og liknande. Du kan ikkje bli smitta ved toalettbesøk.

Er gonoré vanleg?

Talet på smitta har auka kraftig dei siste åra. Infeksjonen er mest utbreidd blant menn som har sex med menn, men også blant heterofile har det vore aukande tal dei siste åra. Mange heilt unge er også smitta. Ein ser den same trenden i andre vestlege land.

Kor lett smittar gonoré?

Gonoré er ein svært smittsam sjukdom, og det er stor risiko for å bli smitta ved ein gongs seksuell kontakt med ein person som har gonoré.

Korleis kan eg unngå å bli smitta?

Kondom vernar mot smitte ved alle typar seksuell kontakt: vaginal-, anal- og oralsex.

Korleis kan eg merke at eg er smitta?

Menn får oftast sterke smerter i urinrøret og store mengder gul utflod få dagar/under ei veke etter at dei er smitta. Men også menn kan vere smitta utan å få symptom.

Kvinner kan gå lenge med gonoré utan å merke det, men dei fleste får litt meir utflod enn vanleg.

Ved infeksjon i hals eller anus er det ofte lite/ingen symptom.

Kva skal eg gjere dersom eg trur eg er smitta?

Du skal oppsøkje lege snarast mogeleg. Du kan gå til din faste lege, på helsestasjon for ungdom eller til ein legevaktstasjon. I nokre av dei største byane er det spesialpoliklinikkar for behandling av seksuelt overførte infeksjonar der ein kan komme til på dagen utan tilvising.

Kva gjer legen?

Menn kan ta urinprøve, men legen må ofte ta ein penselprøve frå urinrøret i tillegg. Kvinner kan ta prøve frå skjeden, men lege må ofte ta ein ekstra prøve frå livmorhalsen. Ut frå symptom og seksuell praksis kan det også vere aktuelt å ta prøve frå anus og svelg. Etter 4-5 dagar får legen svar på prøven.

Må eg vente med behandling til legen får svar på prøven?

Som oftast kan legen gje deg behandling med ein gong når symptom og funn tyder på at du har gonoré. Tilrådd antibiotikabehandling per 2022 må gjevast i sprøyteform. Ikkje mange legar har denne medisinen på kontoret.

Blir eg frisk?

Behandling av gonoré har vorte ganske komplisert fordi det er så mange av bakteriestammane som har utvikla resistens mot fleire typar antibiotikum. Stort sett må behandlinga gjevast i sprøyteform. Når du får korrekt behandling, blir du frisk. Behandlinga er gratis.

Når er eg frisk?

Dersom medisinen er effektiv, blir du symptomfri i løpet av eit par dagar. Du kan likevel ikkje rekne deg som frisk før du har vore til kontroll hos legen og teke ein prøve som viser at bakteriane er borte. Alle som har fått påvist gonoré, skal møte til kontroll 14 dagar etter avslutta behandling.

Det er også viktig at du blir testa for andre seksuelt overførte infeksjonar. Du kan ha fleire smittsame sjukdomar på same tid.

Er det dyrt å gå til legen?

Dersom du har *symptom på gonoré*, har *god grunn til å tru at du kan vere smitta med gonoré* eller er *smittekontakt* til ein person som har fått påvist gonoré, er det gratis å gå til legen. Kontroll etter behandling er også gratis.

Kva med andre seksualkontaktar?

Gonoré er definert som ein allmennfarleg smittsam sjukdom. Du har difor plikt til å hjelpe til med å få tak i andre som kan vere smitta. Du kan gje beskjed sjølv eller legen din kan hjelpe deg med å få tak i den eller dei som kan vere smitta.

Er gonoré farleg?

Lokal infeksjon i urinrøret, livmorhalsen, svelget eller endetarmsopninga er ikkje farleg. Bakteriane kan spreie seg og gje alvorleg infeksjon i underlivet hos kvinner. Etter ein slik infeksjon kan kvinna få vanskar med å bli gravid. Menn kan få bitestikkelbetennelse som er svært smertefullt. Leddbetennelse kan også oppstå. Ved komplikasjonar kan det bli naudsynt med innlegging i sjukehus.

Kva med graviditet? Kan gonoré skade fosteret?

Fosteret blir ikkje smitta under svangerskapet. Gonoré skadar heller ikkje fosteret på annan måte. Ved fødselen kan barnet bli smitta og få ein alvorleg augekatarr. Det er difor viktig at kvinner som er smitta får behandling før fødselen.

Bør eg bli undersøkt regelmessig med tanke på gonoré?

Gonorétala er aukande, og det er viktig å få undersøkt om du kan ha gonoré dersom du har utsett deg for smitterisiko. Mange stader blir det no teke gonoréprøve samstundes med klamydiaprøve. Menn som har sex med menn bør testast regelmessig fordi smitterisikoen er størst i denne gruppa.

Har du spørsmål, kan du vende deg til:
Avdeling: Poliklinikk for SOI, Hudavdelinga
Telefon: 55 973962
www.helsebergen.no